



Raga Rockers. Foto: Paal Audestad

Med Raga Rockers og Fagernes Yatch Club på plass, er Festidalen omlag halvegs i programmeringa. Frå før er Hkeem, Fanny Andersen, Lars Vaular og I am K sikra. Og no går det fort. Berre småting står att før plakaten er full.

Raga Rockers er ein bauta i norsk rock. Bandet står breibeint og støtt i både fortida og framtida til sjangeren. 17 plater og ein million konsertar i ryggmargen gir resultat. Kwart år kjem nye generasjonar fans krypande til. Klassiske låtar og kronisk skråblikk levert av Kong Krohn i front gir alltid ei sterk oppleving. Ei klippe av eit rockeband mellom uskedalsfjella. Dette vert storslått. Me bikkar inn i det siste junidøgeret med låtar som "Forbudte Følelser", "Hun Er Fri", "Noen å Hate" og "Slakt" veltande ut frå scena. Glede!

Det er ikkje ofte Festidalen hyrer inn coverband. Det kjem heller ikkje til å bli ein ny trend. Men med Fagernes Yatch Club tilgjengelege, kjendes det rett og slett som umogeleg å motstå. Dette er tidenes partydrink! Ein stor dose lettbeint synth, ein dæsj frekk gitarsolo, ein heil del småerotisk saksofon, ein neve pulserande bass, ein god kvast nydeleg koring og euforisk allsong. Alt dette shaka med ei solid 70-80tals- kraft. Her vert det sydenkjensle, opne skjorter og ein lang og svett hit-parade. Frå Lionel Richies "All Night Long", via Journeys "Don't Stop Believing" til Toto sin "Africa". Framført av høgt elska musikarar som Miss Tati, og medlem frå Kakkmaddafakka og The New Wine.

Utsegn frå dudlege Daidalos:

- Med Raga og FYC sukrar me popsatsen vår med brei rock for å få rette eksplosiviteten i sluttresultatet. Raga er klassisk, tydeleg, biletleig og botnsolid. FYC er reinspikka positivitet, fest, sjarm, dansegledede og eit band samtleige på arenaen kjem til å elske. Med sine ca 15 medlemmar, vert dette den største bandet me har hatt på scena i Festidalensoga.
- Allereie første året, i 2003, snakka me om at mykje av grunnlaget og identiteten me søkte for Festidalen låg i anda til "dei fira store" i norsk rock. No har me hatt DumDum Boys, DeLillos, Valentourettes- som er

det næraste me kjem Jokke, og no endeleg siste pilar; Raga Rockers. Det kjennes særst godt å få Michael Krohn og kompani til gards.

- FYC må opplevast. BT har omtala dei som Bergens beste liveband og eit live-fenomen utan sidestykke. Dette forstår du rett og slett ikkje heilt kva er før du står der og vert mata med godkjensle. Du står der og glanar på den pulserande scena, kjenner energien, og beina forlet bakken. Sjev inn i denne timen med oss!

Tekst: Pressemelding Festidalen

Foto: Paal Audestad, vedlagt pressemelding Festidalen

Nett: Hans Ordin Østebø